



Bømlo  
kommune

# Kva skjer

## Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **23. juni til 29. juni**



### **Bømlo tur og sogelag sine turstiar**

Bømlo tur og sogelag har merka 10 stiar på Langevåg, med ulik lengde og med god informasjon om dei ulike turane.

Gå inn på [www.b-ts.no](http://www.b-ts.no) for informasjon om dei ulike turane og kart.



### **Moster Amfi**

I Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter og den kringliggande Mostraparken kan ein utforska fortid og notid - på eiga hand eller ilag med andre. Historiske opplevingar gjennom Moster gamle kyrkje, "Frå heidendom til kristendom", "Frå makt til rett - kven har makt", og Steinriket Bømlo er noko av alt ein kan oppleve i Amfiet. Sjå nettsida [www.mosteramfi.no](http://www.mosteramfi.no) for meir informasjon eller for å bestille omvising.



### **Bømlo kunstlag si sommarutstilling 2025**

Kunstlaget si sommarutstilling 2025 er med kunstnaren Marius Martinussen. Utstillinga *Overflater og undersystem* representerer nye og eldre arbeid av Martinussen. Kunstutstillinga finn du i dansesalen i Bømlo kulturhus frå 26. juni til 11. august. Opninga er 26. juni kl 18.00



### **Bømlo symjehall**

Bømlo symjehall er ope heile sommaren, men ordinære aktivitetar går ut. Sjå informasjon om opningstider på [www.bomlo.kommune.no](http://www.bomlo.kommune.no)

**Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?**

Gå til nettsidene [bomlo.kommune.no](http://bomlo.kommune.no)

Leveres i  
samarbeid med



# Nytt og nyttig

## Senk pulsen i sommar



*Foto: Bømlo kommune/Jan Rabben*

Sommaren er ei fin tid for å senka tempoet og nyta det gode livet. På Bømlo ventar lyse kveldar, lune viker og eit vakkert kystlandskap – perfekt for rolege dagar med familie og vener.

Ta turen til Brandasund eller Espevær, opplev kultur og historie på Moster, eller nyt utsikta frå Vetahaugen og Siggjo.

I sommar kan du også oppleva musikalen Sound of Music i amfiet (6.–16. august).

Ved Kulleseidkanalen og i symjehallen er det aktivitetar for både sol og regnvêr.

På Svortland finn du kino, bibliotek og turistinformasjon – og alltid nokon som vil hjelpa deg vidare.

Vi ønskjer deg ein god og opplevingsrik sommar – her på Bømlo, der havet glitrar og sommarpulsen rår.

### **Kontaktinformasjon Bømlo kommune:**

E-post: [postmottak@bomlo.kommune.no](mailto:postmottak@bomlo.kommune.no)

Telefon: 53 42 30 00